

Fogn-, Ombo- og Sjernarøy
oppvekstsenter

Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø

§ 12-2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som
fremjar helse, inkludering, trivsel og læring

Innleiing

Fogn- Ombo- og Sjernarøy oppvekstsenter har nulltoleranse mot mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men også mot mindre alvorlege krenkingar. Dette er eit sentralt oppdrag og ansvar for skulen.

Arbeidet med skulemiljøet omfattar både det fysiske og det psykososiale miljøet og vi arbeider dagleg for å førebyggje og hindre at elevar opplever å bli krenka. Vi jobbar for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane.

Stavanger kommune har i rundskriv 28.11.2024 sett fast prosedyrar og rutinar knytt til arbeidet med elevane sitt skulemiljø. Rundskrivet byggjer på lovkravet i opplæringslova kapittel 12. Denne handlingsplanen er utarbeida i tråd med desse dokumenta.

Alle planar, tiltak og handlingar skal ha fokus på barnet sitt beste som grunnleggjande omsyn, jf. artikkel 3 i barnekonvensjonen.

Det er ein føresetnad at alle tilsette, elevar og føresette kjenner skulen sin handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø. Planen skal årleg handsamast og evaluerast i elevråd, SU/SMU og i personalmøte.

Denne planen inneheld ein oversikt over arbeidet på oppvekstsentera som skal bidra til å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø på oppvekstsentera. Her finn du skulen sine skriftlege rutinar for førebygging, samt korleis skulen handterer situasjonen når det blir avdekka at ein elev blir krenka og ikkje har det trygt og godt på skulen.

Leiinga, elevrådet og skulemiljøutvalet jobbar saman for å fremje dette arbeidet.

Revidert 01.09.2026

Alice Helgøy

Verksemdsleiar, Fogn-, Ombo- og Sjernarøy oppvekstsenter

Ruben Fjell

Avdelingsleiar, Ombo oppvekstsenter

Jarand Mikael Larsen-Rodvelt

Avdelingsleiar, Sjernarøy oppvekstsenter

Innhald i handlingsplanen

1. Lovgrunnlaget	3
2. Definisjon av ulike omgrep	5
Krenking	5
«Trygt og godt» skulemiljø	5
Sårbare elevar	5
Langvarig sjukefråvær	6
Nulltoleranse mot mobbing	6
3. Førebyggjande tiltak	7
4. Rutinar for kommunikasjon og informasjon	9
5. Varslingsplikta	9
6. Rutine for skjerpa aktivitetsplikt overfor særskilt sårbare elevar	10
7. Informasjonsflyt ved overgangar	10
7.1 Overgang mellom barnehage og skule	10
7.2 Overgang barneskule- ungdomsskule	11
8. Rutinar knytt til delpliktene i § 12-4 med skjerpingar etter § 12-5	13
Presiseringar kring skjerpinga etter §12-5	14
9. Oppfølging av elevundersøkinga	15
10. Sanksjonar og konsekvensar	15
11. Forventning til vaksenrolla, verdiar, elevsyn	15
12. Evaluering av handlingsplanen	16

1. Lovgrunnlaget

Opplæringslova kapittel 12 handlar ikkje først og fremst om mobbing, men eleven si individuelle oppfatning av om han/ho har det trygt og godt på skulen.

§ 12-1 Verkeområde for kapitelet

Kapittelet gjeld for skulen, leksehjelpordninga og skulefritidsordninga.

§ 12-2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 12-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skulen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø.

§ 12-4 Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skulen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skulen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skulen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå

1. kva problem tiltaka skal løyse
2. kva tiltak skolen har planlagt
3. når tiltaka skal gjennomførast
4. kven som skal gjennomføre tiltaka
5. når tiltaka skal evaluerast

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.

§ 12-5. Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeidar på skulen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og

trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skulen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.

§ 12-6. Fylkesmannen si handheving av plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialet skulemiljø i enkeltsaker

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er tatt opp med rektor.

Statsforvaltaren skal avgjere om plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd og plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd er oppfylt. Dersom saka ikkje er tatt opp med rektor, det er under ei veke sidan ho vart tatt opp eller eleven ikkje lenger går på den aktuelle skulen, skal statsforvaltaren avvise saka, om det ikkje er særlege grunnar til å behandle ho.

Kommunen og fylkeskommunen skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka.

Kjem statsforvaltaren til at skulen ikkje har oppfylt plikta til setje inn eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd eller plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd, kan statsforvaltaren påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet. Dersom saka elles vil bli unødig forseinka, eller dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kjem til å rette forholdet, kan statsforvaltaren vedta kva skulen skal gjere for at eleven skal få eit trygt og godt skulemiljø. Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skolereglane, jf. § 10-7, eller vedta at ein elev skal byte skule, jf. § 13-2.

Avgjerda til statsforvaltaren er eit enkeltvedtak. Statsforvaltaren skal setje ein frist for gjennomføringa av vedtaket og følgje opp saka.

2. Definisjon av ulike omgrep

Krenking

Med krenking meinast negativ handling mot andre personar som blir opplevd som nedlatande, sårande, fornærmande eller som uthenging.

Kjenneteikn for krenking er ord og/eller handlingar som vekker negative kjensler i mottakaren.

Maktmisbruk er også å krenke ein annan, til dømes ironi, sarkasme, latterleggjering, baksnakking, manipulering, vald og rasisme

Krenking kan vere bevisste eller ubevisste negative handlingar.

«Trygt og godt» skulemiljø

Med “trygt og godt” meiner vi at elevane opplever å ikkje bli krenka på skulen. Det er eit mål at alle skal kjenne seg trygge og at alle er greie og tar omsyn til kvarandre sjølv om ein ikkje er bestevenner.

Sårbare elevar

Sårbarheit handlar om å vere utsett, om å stå i fare i motsetnad til å vere beskytta. Det er utfordrande å finne ein definisjon på sårbare barn, men Anthony og Coler (1987) definerer sårbarheit som det motsette av resiliens. Dersom vi bruker denne definisjonen kan vi seie at sårbare barn er dei som viser eit mønster av negativ tilpassing når omgjevnadane blir opplevd belastande. Sårbarheita kan ha mange uttrykk, både utagerande åtferd eller at nokre elevar lukker seg.

Dei sårbare barna må sjåast i forhold til risikofaktorar som, mellom anna kan bestå av:

- Dårleg eller mangelfull foreldrepraksis
- Psykisk sjuke foreldre
- Låg sosioøkonomisk status
- Utfordring i å etablere og bli i stabile vennsksrelasjonar
- Dei som er utsett for krenking og mobbing
- Fleirspråklege barn
- Mangel på sosial støtte eller nettverk

Desse faktorane kan bli forsterka dersom skulen ikkje legg til rette for eit godt og trygt læringsmiljø. Dersom skulen er ein arena for meistring der barna er trygge og trivast, kan skulen hjelpe med å redusere sårbarheita.

Langvarig sjukefråvær

Sårbare barn følgjast ekstra tett opp.

- Jamleg kontakt med heimen
- Dersom eleven ikkje møter opp til avtalt tid for undervisning, skal lærar følge opp dette
- Jamlege samtalar med eleven

Nulltoleranse mot mobbing

Skulane har nulltoleranse mot krenkingar. Døme på krenkingar er mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men gjeld også for mindre alvorlege krenkingar. Verken direkte handlingar som hat-ytringar, eller meir indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking, skal tolast.

3. Førebyggjande tiltak

Trygg og god klasseleing	• Alle tilsette er autoritative vaksne, følger opp reglar og har eit felles ansvar for elevane våre. • Alle dagar skal starta med eit positivt møte mellom lærar og alle elev, td. augekontakt, helse god morgon og seie namnet til eleven. Dette er med på å starte dagen på ein roleg måte og unngå støy ved oppstart. I tillegg får ein informasjon om «kor eleven er» og kan legge til rette og følgje opp utover dagen.
God relasjon til alle elevar:	• Dei tilsette skal ha eit positivt elevsyn og sørgje for å ha ein god relasjon/dialog med alle elevar. • Lærarane er tett på og følger opp elevane i timar og i friminutt • Det blir gjennomført samtalar med elevane umiddelbart etter ei hending.
Friminutta:	• Dei som er vakt, er ute i tide og har på vest. • Vakta skal følgje godt med og stanse uønska aktivitet. • Vakta skal setje i gang aktivitet dersom det er behov.
Miljøtiltak på skulen	• Elevråd og kontaktlærar for elevråd har eit særskilt ansvar for aktivitetar i friminutta som skal byggje på vår erfaring frå Trivselsleiarprogrammet. • Klassane bruker min 1 time kvar veke på arbeid med klassemiljøet.
STOPP- regelen	• Alle elevar skal kjenne til STOPP-regelen, respektere og bruke den.

Seie i frå	• Alle elevar skal seie ifrå til ein vaksen når dei blir krenka. Den vaksne skal lytte på barnet og handtere meldinga etter rutinane i kap 9.
Samarbeid heim-skule	• Samarbeid heim – skule er viktig i arbeidet med læringsmiljøet på skulen. • Foreldra er ein ressurs og vi inkluderer dei i skulemiljøet. Vi møter dei med tillit og respekt.
Brukerundersøkingar	• Elevundersøkinga • Andre undersøkingar på klassenivå, td sosiogram.

4. Rutinar for kommunikasjon og informasjon

Skulen har plikt til å informere elevar og foreldre om retten til eit trygt og godt skulemiljø, aktivitetsplikta og høve til å melde saka til Fylkesmannen.

Når	Kva
På første foreldremøte om hausten	Informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø og handlingsplanen.
Handlingsplanen er gjort kjent for foreldre	Handlingsplan ligg tilgjengeleg på heimesida. Handlingsplanen kan omsetjast til fleire språk. Ved behov nyttar vi tolk.
I konkrete hendingar	Vi tar kontakt med føresette ved episodar og hendingar på skulen. Vi gir informasjon om og bruker tiltaksplanen.
Klasseforeldremøte ved behov	Ved behov har vi temamøte i klassen om klassemiljøet.

5. Varslingsplikta

Alle som arbeidar på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Rektor skal varsle kommunen i alvorlege tilfelle.

Dersom ein tilsett opplever at ein kollega krenkar elevane, har dei plikt til å varsle avdelingsleiar/rektor. Denne plikta er skjerpa. Då skal rektor varslast med ein gong.

Hendinga/forholdet skal straks meldast til kommunen.

Dersom det er skulen si leiing/rektor som krenkar elevar, skal den som får kjennskap til dette, melde frå til kommunen. Teieplikta er ikkje til hinder.

6. Rutine for skjerpa aktivitetsplikt overfor særskilt sårbare elevar

Skulen har eit skjerpa ansvar for å ta i vare elevar som er særskilt sårbare. Desse elevane er i risiko for å bli utsett for mobbing og andre krenkingar.

Eleven sin sårbarheit vil få konsekvensar for kva som er eigna tiltak. Eit godt læringsmiljø beskyttar mot auka sårbarheit. Sjå meir [Råd og kunnskap om skolemiljø | udir.no](#)

7. Informasjonsflyt ved overgangar

7.1 Overgang mellom barnehage og skule

Mål: Barnehage og skule har etablerte rutinar som gjer overgangane trygge for gruppa og kvar einskild.

Når	Kva	Ansvarleg
November/desember	Innskriving Elevar som skal byrja i 1. klasse, har innskriving eit halvt år før skulestart.	Skuleleiinga
November/desember	Infoskriv om SFO og søknadsprosedyre blir lagt ut på heimesida og sendt til komande førsteklassingar samt til elevar på 1.-4. trinn.	Skuleleiinga
Mai/juni	Førskuledagar Elevane får møte skulen, læraren og klassen. Samtidig er det eit eige møte med foreldra for å gi informasjon om skulestart og kva som blir forventa.	Skuleleiinga, kontaktlærer og pedagogisk leiar
Mai/juni	Overgangsmøte mellom pedagogiske leiarar og kontaktlærarar. Føresette, skulehelsetenesta og PPT kan delta i særskilte høve.	Kontaktlærer og pedagogisk leiar

7.2 Overgang barneskule- ungdomsskule

Mål: Skulane i Finnøy har etablerte rutinar som gjer overgangane trygge for gruppa og kvar einskild.

Når	Kva	Ansvarleg
Oktober	7.klasse-elevane frå dei andre øyane blir invitert til Finnøy for eit første «bli kjent»- opplegg i samla flokk. Opplegget kan gjerne vera ute i friluft.	Kontaktlærarane for 7. klasse ved Finnøy sentralskule
November	Planleggingsmøte for lærarane på teams. Mål: planlegge juleverkstad og starte arbeid med våren	Kontaktlærarar 7.trinn, avdelingsleiarar
Desember	Juleverkstad på Finnøy	Kontaktlærarar, faglærarar
Mars	Planleggingsmøte for lærarane på teams. Mål: lande plan for elevtreff (totalt 6 stk)	Kontaktlærarar 7.trinn, avdelingsleiarar
Mars/april	Utveksling av informasjon og drøfting av delingsgrupper	Leiargruppa
April/ mai	6 elevtreff	Kontaktlærarar i samarbeid med avdelingsleiarar
Mai	Elevane på øyane for informasjon om val av framandspråk, samt norsk- og engelsk-fordjuping. Avdelingsleiar Finnøy sender over presentasjon.	Rådgjevar/sosiallærar
Mai	Overføringsmøte ved behov, melde behov via Vigilo.	Leiargruppa

Mai/juni	Samla foreldremøte der dei nye kontaktlærarane presenterer seg og informasjon blir gitt til alle foreldre/føresette for dei nye 8.-klassingane. Her skal det veljast klassekontaktar for kommande skuleår.	Rektor ved Finnøy sentralskule
Juni	Klassetreff på Fogn, Ombo eller Sjernarøy. Klassedeling må no vera klar.	Kontaktlærar og skuleleiinga på oppvekstsentera
Juni	Elevane lager presentasjon om seg sjølv, som vert med over til ungdomsskulen.	Kontaktlærar for 7. klasse

God skulestart

Vi jobbar for at skulestart skal vera eit positivt møte med skulen og gi alle elevane ei god oppleving. Det er særst viktig med ein godt planlagt start på skuleåret.

Døme på tiltak:

- Skulen startar året med ei samling der ALLE får ei kjensle av fellesskap og at dei er velkomne inn i fellesskapet. Rektor og dei tilsette har ansvar for samlinga.
- Fadderordning for 1. klasse den første tida.
- Før første time står læraren i døra og handhelsar på kvar einskilde elev med namn.
- Pultane må stå klare med namn, evt. klassekart. Namn på knaggar og hyller.
- Elevane får timeplan/vekeplan.
- Sommarprat, gode og mindre gode minner frå førre skuleår, forventningar til det nye skuleåret.
- Elevane skal raskt bli kjent med lærarane som skal jobbe med klassen.

8. Rutinar knytt til delpliktene i § 12-4 med skjerpingar etter § 12-5

Delpliktene i § 12-4	Kva	Ansvar
Følje med	Alle tilsette skal aktivt følge med om elevane har det trygt og godt på skulen.	Alle tilsette
	Alle tilsette skal følge med og aktivt observere korleis elevane har det, både kvar for seg og dei imellom.	Alle tilsette
	Alle tilsette skal vere særskilt merksame på sårbare barn.	Alle tilsette
Gripe inn	Alle tilsette har plikt til å gripe inn ved krenkingar.	Alle tilsette
	Den tilsette har ikkje plikt til å utsetje seg sjølv for fare.	Alle tilsette
	Fysisk makt eller krenking av elevar er ikkje tillat, med unntak av naudrett og naudverjesituasjonar	Alle tilsette
Varsle	Alle tilsette har plikt til å varsle rektor ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt.	Alle tilsette
skjerpa etter §12-5	Alle tilsette har plikt til å varsle rektor <u>straks</u> dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkar ein elev. I tilfeller der det gjeld ein i leiinga ved skulen skal varselet gå direkte til kommunen.	Alle tilsette
	Rektor skal varsle kommunen ved alvorlege situasjonar mellom elevar.	rektor
skjerpa etter §12-5	Rektor skal varsle kommunen <u>straks</u> dersom ein som arbeider på skulen krenkar ein elev (med mindre meldinga er openbert grunnlaus).	rektor
	Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande	

	melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.	
Undersøkje	Ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal skulen undersøkje eleven sitt skulemiljø.	lærer og rektor
	Skulen skal alltid undersøkje dersom foreldra eller eleven sjølv melder i frå.	lærer og rektor
	Undersøkingar kan vere observasjon, kartleggingar, samtalar m.m.	lærer
	Skulen skal alltid høyre dei barna som er involvert.	tilsette og rektor
Tiltak	Det skal settast inn tiltak som er eigna til å rette opp og sikre eleven eit trygt og godt skulemiljø	rektor
	Det skal settast iverk tiltak både når eleven sjølv og/eller foreldra melder i frå.	rektor
	Aktivitesplanen skal vere skriftleg.	rektor
	Eleven skal alltid høyrast i saka	
	Rektor skal informere foreldra om tiltaksplanen.	rektor
	Tiltaka gjeld uavhengig av årsak, eller forhold som gjeld fritid og/eller heime.	

Presiseringar kring skjerpinga etter §12-5

Aktivitetsplikta og dokumentasjonsplikta etter § 12-4 ligg i botn for alle saker der ein elev ikkje har det trygt og godt. Det betyr at undersøkingar, tiltak og dokumentasjon skal handterast etter dei same prinsippa uansett kasualitet. Skjerpinga i § 12-5 handlar om korleis og kor raskt det skal varslast dersom ein som arbeider på skulen krenkar ein elev: Det skal varslast straks i alle ledd, og rektor skal varsle kommunen direkte utan hinder av alvorlegheitsgrad (med mindre meldinga er openbert grunnlaus).

9. Oppfølging av elevundersøkinga

Oppvekstsentera gjennomfører elevundersøkinga årleg. Dette for å avdekke mobbing og krenkande åtferd. Undersøkinga blir gjennomført årleg i perioden oktober - november. Rektor/administrasjon har ansvar for gjennomføringa.

Resultat frå elevundersøkinga blir lagt fram og drøfta i elevråd, i personalmøte og i SU og SMU så snart resultatet er klart. Resultatet skal samanliknast til resultat frå tidlegare år og det skal vurderast om det er område som krev tiltak.

I tillegg gjennomfører skulen jamleg elevsamtalar og oppfølging av klassemiljø på systemnivå. Drøfting av klasse- og skulemiljø er fast sak på skulen sitt ressursteam, som gjennomførast månadleg.

10. Sanksjonar og konsekvensar

Oppvekstsenteret nyttar ikkje andre sanksjonar og konsekvensar enn det som er fastsett i ordensreglementet.

Tett og regelmessig kontakt med heimen. Skulen tar raskt kontakt med heimen når ein elev ikkje har det greitt. Vi samarbeider om ein ev. aktivitetsplan.

Bytte skule for mobbar.

11. Forventning til vaksenrolla, verdiar, elevsyn

Positivt elevsyn betyr at vi møter elevane med respekt, vi ser den enkelte elev, lyttar til dei og tar dei på alvor, viser omsorg og legg til rette opplæringa ut frå forutsetninga til den enkelte elev. Vi har tru på at elevane har lyst til å lukkast.

Autoritative vaksne. Elevane møter den same grunnhaldninga hos alle vaksne. Den autoritative vaksne er ein tydeleg og trygg vaksen som har god relasjon til alle elevar. Vaksenrolla er ein kombinasjon av støtte og kontroll.

Vaksne er tydelege klasseleiararar. Lærar byggjer eit godt klasse- og læringsmiljø ved å møte elevane med respekt og arbeider aktivt med relasjonar. Ein god klasseleiar har kunnskap om elevane sine føresetnader og nivå. Ein god klasseleiar løysar konfliktrar raskt.

Læraren inntar alle arenaer på skulen før elevane. Alle vaksne skal vere på plass når ny time startar. Dei som er vakt ute i friminuttet, skal vere ute før elevane kjem ut.

Tydeleg og sikker klasseleiing er ein føresetnad for å lykkast med å trygge elevgruppa og leggja til rette for eit godt læringsmiljø. Det skal vera ein plan for alle timar, med tydeleg innleiing og avslutning. Elevane skal forstå kva som er læringsmål for timen og perioden.

Tydelege reglar som alle kjenner:

- ★ **Ordensreglane** blir gjennomgått i klassane ved oppstart av nytt skuleår, samt etter juleferien. Alle elevar skal kjenne til ordensreglane og kva sanksjonar som gjeld når reglane blir brote.
- ★ **Klassereglar.** Etter gjennomgang av ordensreglane, skal klassane lage sine egne reglar for korleis dei vil ha det i klassen og klasserommet.

12. Evaluering av handlingsplanen

Handlingsplanen skal evaluerast årleg i personalgruppa, i elevråd og i SU.